



Informasjon torsdagsturneringar 2011.

Fyrste turnering 28.04.11 kl: 18.00

Alle torsdagsturneringar kjem til å bli spela med Pitch & Putt handikap. Ein treng ikkje å ha eit etablert handikap for å spela turnering, då dei som ikkje har P&P handikap frå før vil få det ved oppmøte.

Det blir delt ut dollarpøeng på same måte som i fjor. Dollarane blir fordelt etter resultatliste nettoscore (bruttoscore minus mottatte slag)

I kvar turnering vil me premiere 1. – 3. plass nettoscore, samt bestemann bruttoscore (slag).

Kvar veke vil det bli oppdatert to tabellar på nettsidene. Ein dollartabell, og ein slagtabell.

Dine 10 beste av totalt 17 turneringar blir gjeldande i begge konkurransar. Om ein ikkje har mogelegheit, treng ein dermed ikkje å delta i alle turneringar, men sjansane for å hevda seg auke jo fleire turneringar ein deltar i.

Dine 7 beste av 9 turneringar før sommarpausen er gjeldande som uttak til NM i Pitch & Putt, som vert arrangert på Bryne Kro & Hotel 6. – 7. august. Nytt av året er at det skal arrangerast lag-NM på fredagen. Kristtornskogen har sjølv sagt ambisjonar om å vinna dette ☺

Dei 4 beste frå dei 9 fyrste torsdagsturneringane kvalifiserer seg til NM.

Spelarar som endar på lik nettoscore, og som er topp 3 i turneringa, vil bli rangert på fylgjande måte: Beste nettoscore – beste bruttoscore – siste 9, siste 6, siste 3, siste hol.

Spelarar med lik score frå 4. – siste plass, deler plasseringa.

Sesong premier:

Handikapturnering

1. Gratis medlemskap for 2012 sesongen
2. Gåvekort 750 kr i Kristtornskogen pro-shop
3. Gåvekort 500 kr i Kristtornskogen pro-shop

Beste slagspelar

Ein flott premie. Iphone 4 eller tilsvarande. (Sponsa av SKL)

Blant alle som har spela 10 torsdagsturneringar eller meir, eller 10 seniorturneringar eller meir, vil me trekka ei golf- weekend for 2 personar med full pensjon ved Bryne Kro og Hotell.